



09.11.2017

REFERAT frå MØTE I FAU VED MØRE UNGDOMSSKULE torsdag 9.nov. kl.18-19.30

Desse møtte:

8A: Randi B. Sunde Kalleland og Ellen Berte Indrebø

8B: Frode Koppang

9: Oddrun Bjørdal og Ann-Katrin Skaar

10: Ingrid Hovda

Meldt forfall: Silje Knutsen (8B) og Anne Birte Hanken (10.kl)

SAKLISTE:

1: Temakveld. Kva tema ønsker vi, ressursperson og tidspunkt.

Tema: Rus og rusforebygging.

Ressurspersonar vi ynskjer å spørje:

Leif Holstad i Maritastiftelsen (marita.no)

Øyvind Veбенstad, politiet Møre og Romsdal – jobbar forebyggande mot ungdom i distriktet.

Blå Kors Ung i Ålesund. (www.blakorsungalesund.no/)

Vi ynskjer personar som kan ha fokus på det kristne verdisynet i møte med dette temaet, personar som har kjennskap til ungdom og forebyggande arbeid og rusproblematikk i nærområdet. Gjerne bruke fleire ulike personar, med ulike arbeidsområder.

Ønske: Temakveld for foreldra på kveldstid og møte med elevar på dagtid.

Tidspunkt: Før påske.

Rektor tek kontakt med dei ulike ressurspersonane og melder undervegs til fau på mail om «resultatet». Korleis vi organiserer kvelden (litt avhengig av kven/ kor mange vi får tak i) og korleis vinklinga på temaet blir, kjem vi tilbake til. Vidare planlegging på neste FAU-møte.

2: Foreldreundersøkinga.

Kva spørsmål/modular ønsker vi event. skal vere med i tillegg.

Fau ønsker at i tillegg til dei obligatoriske modulane i foreldreundersøkinga, skal modulane: *Støtte fra lærerne, Trygt miljø og Trygt miljø – krenkelser* - vere med i undersøkinga.

Viktig at det vert sendt ut påminningar til føresette undervegs – om å delta.

3: Elevundersøkingar. Rektor orienterte om kva vi har jobba med sidan sist møte. Møre Ungdomsskule har bestilt abonnement på klassetrivsel.no. Dette er eit digitalt verktøy som vi kan nytte som eit av fleire førebyggjande tiltak i arbeidet med å arbeide for å få til eit godt og trygt skulemiljø. To lærarar og inspektøren har fått ei kort opplæring i korleis bruke det og det er prøvd ut på ei av 8.klassane. Lærarane erfarte at det var eit nyttig verktøy til å m.a få ei oversikt over korleis den enkelte eleven hadde det og kven som trivest best saman med kven..Dette er berre nokre av mange mulegheiter som dette verktøyet kan brukast til. Etter jul vil vi ta det ibruk i resten av klassane.

4: Kva betyr det at Møre er ein skule med eit kristent verdisyn?

Kva betyr det i skulekvardagen?

Å vere godkjent av Utdanningsdirektoratet som friskule med eit kristent verdisyn,- betyr at det kristne verdisynet skal synleggjerast i alle fag. Dette kjem i tillegg til at vi synleggjer det i daglege felles andakter og bøn ved oppstart og avslutning av skuledagen.

Rektor viste til fagplanen i naturfag på eit klassetrinn for å konkretisere dette. Vi har eit «synleggjeringsstillegg» i kvart fag – som vert nedfelt som lokale læreplanmål i kvart fag. Døme på eit lokalt mål i naturfag 9.klasse er «å kjenne til eksempler på bruk av genteknologi og vurdere etiske sider ved disse».

Dette skal gå fram i alle fagplanane våre. Det kom fram under samtalen om dette at det både kunne vere vanskeleg å vite kor dei ulike fagplanane låg på itslearning.

Rektor lova å ta med denne utfordringa vidare og kome tilbake med forslag til tiltak.

Skulen har og godkjent utvida Krle-fag. Dvs at vi har meir kristendom i tillegg til det som står i den Nasjonale Læreplanen.

5: Eventuelt.

1: Korleis jobbar skulen/ lærarane med at elevane veit kva som vert lagt vekt på når skulearbeidet deira vert vurdert, kva som er bra med arbeidet som vert gjort og kva dei og kva dei må gjere for å bli betre i faga. (måloppnåing, kriterier mm) Får elevane vere med på å foreslå kva som skal leggast vekt på når det td. er prøver?

Rektor tek dette med vidare til lærarane.

2: Det opplevast som ei utfordring med å finne fram på itslearning. Kvar finn ein td. årsplanar i dei ulike faga, anna info/skriv til foreldra og når vert ulike arrangement sett inn på itslearningkalenderen? Fau utfordrar lærarar/adm. til å sjå nærare på dette. Kva kan gjerast for å gjere dette meir tilgjengeleg/ oversiktleg, få nok opplæring til å ta det i bruk?

3: E-postadr. til Oddrun M. Bjørdal (fau-leiar) : odmabjor@gmail.com

Neste møte: TIRSDAG 9.jan. 2018 kl. 19.00 – 20.30 (merk endra klokkeslett)

Meld gjerne ifrå om det ikkje passar.

Ref: Signe Urtegård

- Rektor-

Postadresse:
Møre Ungdomsskule
Ramsvika 3
6012 Ålesund

Telefon: 701 76670
E-post: rektor@moreuskule.no

Og.nr 976596471
Bankgiro: 8220 02 17221